

## Folkelista framfor valet

Valkampen nærmar seg slutten. Dei politiske diskusjonane har hovudsakleg handla om skule og eldreomsorg. Desse to områda er viktige i kommunal samanheng, og det viser også att ved storleiken i dei kommunale budsjetta.

Nokre politikarar har gjennom valkampen uttrykt uro over skulepolitikken vår. Vi kan avkrefte at der er grunnlag for det. Folkelista kjem ikkje til å ta initiativ til nokon opprivande skuledebatt. Det er nett det vi vil unngå, og som vi skal vere ein garantist mot. Vi står fast på den skulestrukturen som kommunen har hatt sidan 1961. Og det vil skape fred mellom innbyggjarane.

I eldreomsorga står kommunen framfor viktige utfordringar. Etter vårt skjøn har nedskjeringane dei siste åra vore for store, og vi trur organiseringa kan verte betre. Den auken i ressursbruk som kommunen kan make framover, bør i stor grad kanaliserast til pleie og omsorgsetaten. Eit viktig moment i styrking av eldreomsorga, er at ein er medviten om at dei tilsette er ein ressurs som må lyttast til. Det er svært viktig at endringar i etaten vert gjort i forståing med dei tilsette til det beste for bebuarane. Dette er noko Folkelista vil arbeide for.

Like viktig som kommunale utgifter, er å skape inntekter til kommunen. Med det tempoet som er i industrien i dag, og dei raske endringane som skjer, er det viktig at kommunen tek vare på industrien vi allereie har. Vidare må vi legge tilhøva raskt til rette for dei som kan tenkje seg å etablere seg i kommunen.

Folkelista vil gjere alt som står i vår makt for å leggje den interne uroa i kommunen bak oss. Desse tilhøva er noko som svært mange har reagert på, og vi vil uansett valresultat vone at ein kan stake ut ein ny politisk kurs med eit sunnare og meir respektfullt klima i kommunen.

Til slutt vil vi takke alle som har kome til oss med innspel om saker vi bør arbeide med. Utan det store engasjementet mellom innbyggjarane hadde Folkelista ikkje stått så godt rusta til det politiske arbeidet framover. Vi vonar at alle som har noko på hjartet, tek kontakt med oss. Lukke til med valet!

Dag Audun Eliassen,  
Folkelista for Hareid kommune